

- § 1. Laget har til føremål å fremja interessa for slekts- og lokalsoge og kulturvern.
Laget vil samla inn og ta vare på alt som har verd for grendene her si soge, og som kan fortelja om folk sine levekår gjennom tidene.
- § 2. Verksemd. For å nå føremålet kan laget gjerne samarbeida med skule, lokale organisasjonar og kommunale og fylkeskommunale organ.
- skipa til møte, kurs, omvisningar, registreringar, innsamling av muntleg tradisjon, musikk, målføre, stadnamn, bilete og anna av historisk verd.
- arbeida for at det kan verta utgjeve bygdebok, årbok, hefte eller medlemsblad.
- arbeida for vern av fornminne og kulturminne av alle slag i grendene.
- § 3. Laget er knytt til Hordaland Sogelag og Landslaget for lokalhistorie.
- § 4. Medlemer av laget er dei som betalar dei årlege medlemspengane.
Medlemspengane vert fastsett av årsmøtet.
Utmelding av laget må vera skriftleg.
- § 5. Laget vert leia av eit styre på 5 medlemer med 2 varamedlemer.
Årsmøtet vel:
a. Leiar for 1 år. Leiar vert vald særskilt.
b. 4 styremedlemer for 2 år. 2 står på val kvart år.
c. 2 varamedlemer for 1 år.
d. 2 revisorar eller 1 fagrevisor.
e. Valnemnd. 1 ny medlem skal veljast kvart år. Den som har site lengst i nemnda går ut.
Det vert pålagt den som har lengst erfaring å samankalla nemnda og å styra valet på årsmøtet.
Innan styret vert vald: nestleiar, skrivar og kasserar.
Styret vert samankalla av leiaren.
Styret kan peika ut nemnder til å ta seg av særlege arbeidsoppgåver.
Varamedlemene skal ha tilsendt sakspapir.
Ved likt stemmetall har leiaren dobbeltstemme.
- § 6. Rekneskapen skal førast for kvart kalenderår og leggjast fram for årsmøtet i revidert stand.
- § 7. Årsmøtet skal haldast kvart år innan utgangen av februar. Det skal gjerast kjent i lokalpressa og ved oppslag i lokalpressa og ved oppslag 3 veker før møtet vert halde.
- § 8. Omframnt årsmøte kan verta halde når styret gjer vedtak om det, eller når 1/3 av medlemene krev det.
Omframnt årsmøte kan berre handsame den eller dei saker som er gjort kjende i utlysinga.
- § 9. Lovendringar kan verta vedtekne på årsmøtet med 2/3 fleirtal. Framlegg til lovendringar må vera komne til styret innan utgangen av desember.
- § 10. Nedlegging av laget kan verta gjort når 2 etterfølgjande årsmøte har vedteke det med 2/3 fleirtal.
Laget sitt arkiv, aktiva og midlar går over til Hordaland Sogelag.